



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 07.12.2017
Vår ref.: 2017/15118-18
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Reguleringsplan for Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune - Ber om utsett frist

Vi viser til brev av 27.10.2017 med offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune.

For fylkesveggar er fylkeskommunen vegstyresmakt i.h.t. forskrift til vegloven § 13. Fråvik frå vegnormalene består av kan, bør og skal krav. Statens vegvesen har i etablert ein fråviksgruppe som handsamer fråvikssøknadane og kjem med tilråding til rett vegstyresmakt.

Alle søknader om fråvik for fylkesveg skal gå via Statens vegvesen og handsaming i fråviksgruppa. Fråvik frå skal krava vert sendt vidare til Hordaland fylkeskommune for politisk handsaming, etter at fråviksgruppa har gitt si tilråding. Utval for miljø og samferdsel har etter «*Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune*» fullmakt til å fråvike vegnormalane når det gjeld «skal – krav». Statens vegvesen har fått fullmakt til å fatte avgjerd i bør krav.

I samband med planarbeidet for Fjellbergsambandet har det blitt drøfta om fylkesvegen skal byggast etter standardane Sa2 eller Sa3 (etter handbok N100). Til slutt har valet landa på standarden Sa2. Uavhengig av standardvalet er det behov for å søke fråvik frå handboka N100. Fråvika skal handsamast i fråviksgruppa hjå Statens vegvesen (som har samling ca. ein gong i månaden) og vidare til politisk handsaming hjå fylkeskommunen. Normalt skal fråvikssøknader vere ferdig handsama før reguleringsplan blir sendt på offentlig ettersyn, fordi det er eit viktig grunnlag for fråsegn til regionale etatar.

Fråvikssøknaden som er levert Statens Vegvesen er basert på standarden Sa3, og det må no bli levert ein ny søknad basert på Sa2. Dette betyr at Statens vegvesen ikkje får handsama saka i fråviksgruppa i deira møte 15 desember 2017. Neste møte er i midten av januar, men endeleg dato er ikkje fastsett. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for å få handsama saka i utval for miljø og samferdsel 7/8. februar 2018, men dette føreset at saka er handsama i fråviksgruppa tide. I yttarste konsekvens blir ikkje saka handsama politisk før 14. mars 2018.

Fylkeskonservator har tidlegare sendt brev og sett ny høyringsfrist 27. januar 2018, men Hordaland fylkeskommune ber no om utsett frist til 16. mars for å kunne gi ei samla fråsegn for alle våre ansvarsområde. Vi vil sjølv sagt gjere det vi kan for at for å få handsama saka i februar.

Eva Katrine Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Statens vegvesen - Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Håkon Rasmussen